

Høyringsinvitasjon og mal for høyrings svar

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Dato utsendt på høyring	01.12.16
Høyringsfrist	08.12.16
Send høyringsinnspel til	post@hisf.no ; postmottak@hsh.no ; post@hib.no
Bakgrunn for saka	<p>Prosjektet har hatt i oppgåve å kome med forslag til kjerneverdier, faglege visjonar og strategi for den nye høgskulen, samt forslag til prinsopp for strategisk utvikling og samkøyring av utdanningsløp. Vi ønskjer særleg tilbakemelding på forslaga til profilområde for HVL, inklusive område der vi vere nasjonalt leiande og/eller ha mulegheit for å lykkast internasjonalt.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (innspel frå underliggjande einingar/miljø kan følgje som vedlegg).</p>
Vi ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):	
Kap 3	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald. - Det er no lagt inn ei kort omtale av dei ulike områda der prosjektgruppa har identifisert at HVL kan vere nasjonalt leiande og/eller ha særleg mulegheit for å lykkast internasjonalt. Dei ulike fagmiljøa blir no bedne om å kvalitetssikre omtalen og skrive eit (kort) avsnitt der dei skildrar på kva måte desse områda hevder seg (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet). - På same måte ber prosjektgruppa om at ein skriv ei grunngiving (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet), dersom ein vil spele inn andre (og nye) område gjennom høyringa.
Kap 4	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om synspunkt på og innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald når det gjeld tverrfaglege satsingsområde
Kap 5	<ul style="list-style-type: none"> - Korleis kan vi setje saman arbeidsgruppa som skal sjå på «strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanningane ved HVL»? - Korleis skal ein sikre tilstrekkelege system og styringsgrunnlag, utan at det går på kostnad av faga si eigenart?
Kap 6	<ul style="list-style-type: none"> - Gir måla og operasjonaliseringa grunnlag for styring og strategiutvikling? - Reflekterer måla og operasjonaliseringa HVL sin profil?
Ansvarleg	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Utsendar	Prosjektsekretariatet

Mal for høyringsinnspel

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Høyringsinstans (svarar)	høringssvar fra mat- og helseseksjonen.
Prosess	
Innspel	
Kap 3	<p><u>Innspel til 3.1. Profilmråde Helse, omsorg og velferd</u></p> <p>a) Profilmrådet byggjer i første rekkje på helse- og sosialfaga, og som eit av dei sentrale områda for helseforskning nemner prosjektgruppa fedmebehandling gjennom kirurgi eller livsstilsending som eit forskingsfelt, og skriv:</p> <p style="padding-left: 40px;">«Her er også idrettsfaga og ernæringsfaga sentrale med vektlegging av helsefremjing gjennom kosthald, fysisk aktivitet og friluftsliv.»</p> <p>Fagmiljøet ved Seksjon for mat og helse kan ikkje utan vidare identifisere seg med dei skisserte profilelementa som inngår i <u>Helse, omsorg og velferd</u>, sia vi ikkje definerer oss som eit ernæringsfag, men som eit fag som arbeider med kosthald i ei vid tyding – dvs. mat og måltid i skulen og barnehagen, der både samfunnsmessige, kulturelle og ernæringsmessige faktorar blir perspektivert. Vi hentar teoriar og innfallsvinklar frå alle desse områda for å forstå og forklare matvanar, matpreferansar og matens betydning i samfunnet. Forskinga om kosthald/mat og måltid høyrer derfor etter vår meining meir til i profilmrådet <i>Danning, kultur og samfunn</i>.</p> <p>b) I oversikta over profilelementa innan <i>Helse, omsorg og velferd</i> er eitt av profilelementa:</p> <p style="padding-left: 40px;">-Livsstil, helse og livskvalitet, som inkluderer fysisk aktivitet, <u>ernæring</u> og folkehelse</p> <p>Vi Her ønskjer vi at <i>ernæring</i> bytast ut med <i>kosthald</i>. Her er det igjen nemnt at m.a. forskingsområda <i>ernæring</i> (dvs. <i>kosthald</i>) og <i>folkehelse</i> relaterer seg til <i>master i idrettsvitskap</i> og <i>bachelor i folkehelse</i>. Vi vil understreke at kosthald i tillegg relaterer seg til <i>master i fysisk aktivitet og kosthald i eit skulemiljø</i> og <i>master i barnehagekunnskap</i>. Folkehelse blir i vårt fag oppfatta som eit tverrsektorielt område der samarbeid på tvers av fag og faglege einingar blir vektlagt. Fysisk aktivitet er berre ein av ei rekkje faktorar som påverkar folkehelsa. (Folkehelseomgrepet har vi kommentert nærare i xx.)</p> <p><u>Innspel til 3.2. Profilmråde Danning, kultur og samfunn (s.11)</u></p> <p>Mat- og helseseksjonen saknar fagområdet vårt mellom dei profilelementa som er identifiserte innanfor danning, kultur og samfunn. Det bør stå:</p> <p style="padding-left: 40px;">Eit breitt kulturomgrep kan knytast til kunst-, idretts-, kosthalds- og språkfag og dannar, saman med det samfunnsfaglege perspektiva, eit grunnlag for å kople dannelsings- og læringsperspektivet til emne som til dømes oppvekst, demokrati, medborgarskap, samfunnsengasjement, deltaking og kulturelt mangfald.</p>

	<p>Under <u>profilelement</u> bør det stå:</p> <ul style="list-style-type: none">- Idrett og kosthald <p><u>Innspel til eit nytt område</u> under 3.2</p> <p><u>Profilområde 2, Område der HVL kan hevde seg nasjonalt:</u></p> <p>Kosthald. Mat og måltid i skule og barnehage er eit fagfelt der HVL både har høg kompetanse og brei naturvitskapleg og samfunnsvitskapleg tilnærming. Fagmiljøet har i fleire år hatt nasjonale og nordiske samarbeidspartnarar innan forskning og vitskapleg publisering. Fagmiljøet har gjennom forskargruppa "Mat og måltid i barnehage og skule" ambisjonar om å vera nasjonalt leiande på forskingsfeltet, og har ein Phd-stipendiat i mat- og helsefaget, knytt til programmet <i>Danning og didaktiske praksisar</i>.</p>
<p>Kap 4</p>	<p><u>Innspel til kap. 4 Forslag til mulege tverrfaglege satsingsområde for HVL</u></p> <p><u>Punktet Livsstil, fysisk aktivitet og helsefremjing</u></p> <p>Sia vi meiner at fysisk aktivitet berre representerer eitt av fleire område innan helsefremjing, ønskjer vi at overskrifta «<i>Livsstil, fysisk aktivitet og helsefremjing</i>» blir endra til «<i>Levevanar og helsefremjing</i>».</p> <p>Sameleis foreslår vi at setningane</p> <p><i>"Det norske velferdssamfunnet har store livsstilsutfordringar. Overvekt og inaktivitet i befolkninga er to slike utfordringar. Botemidla kan vere auka fysisk aktivitet, endringar av kosthald, meir vekt på ernæringsspørsmål. På dette området, folkehelse i vid forstand..."</i></p> <p>blir endra til:</p> <p><i>"Det norske velferdssamfunnet har store livsstilsutfordringar. Overvekt, dårleg kosthald og inaktivitet i befolkninga er eksempel på utfordringar. Botemidla kan vere auka tilrettelegging for fysisk aktivitet og betre kosthald i befolkninga. På dette området, folkehelse i vid forstand, er det og store sosiale skilnader i befolkninga."</i></p> <p>Understrekinga av ein vid definisjon av folkehelse-omgrepet som prosjektgruppa gjer her, er vi svært einige i. I vårt bachelorstudium i folkehelsearbeid legg vi til grunn ei langt vidare og kompleks forståing av kva folkehelse og folkehelsearbeid er, nemleg eit <i>tverrfagleg fagfelt</i> der samarbeid på tvers av fag, sektorar og einingar blir vektlagt. Folkehelsearbeid inneber at ein målretta søker å styrke kontroll over faktorar som direkte eller indirekte påverkar helse. Det er langsiktig og systematisk samfunnsutviklingsarbeid retta mot heile befolkninga, og som krev innsats frå alle fagområde og på alle nivå. Folkehelsearbeid er å skape gode oppvekstvilkår for barn og</p>

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	<p>unge, legge til rette for sunne levevanar, fremje fellesskap, trygghet, inkludering og deltaking. Folkehelse handlar dermed både om helse, kultur og samfunn.</p> <p>I opplistinga av tverrfagleg samarbeid innan relevante fag ønskjer vi at</p> <ul style="list-style-type: none">- <i>Ernæring (helse, idrett, sosial- og samfunnsfag)</i> <p>blir endra til :</p> <ul style="list-style-type: none">- <i>Kosthald (mat og helse, idrett, sosial- og samfunnsfag)</i> <p>Og I tillegg eit punkt som heiter:</p> <ul style="list-style-type: none">- <i>Planarbeid (ingeniør, samfunnsfag)</i> <p>Vi viser også til Vedlegg 2: Delleveranse 1: Prosjekt fagleg plattform, profil og strategi Pkt 3.7 Idrett, friluftsliv og folkehelse</p> <p>HVL har ein unik moglegheit for å sjå <i>folkehelse</i> som tverrfagleg satsingsområde i staden for å berre kople det til idrett/fysisk aktivitet. Folkehelsearbeid/helsefremjande arbeid bør bli eit tverrfagleg og tverrfakultært studietilbod ved HVL.</p>
Kap 5	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
Kap 6	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
Andre merknader	Kommenter ut frå egne behov